

# MØTEBOK - TITTELARK

## FELLESRÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
20.02.2018

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemmer:** Arne Lerøy, Bjørn Helge Olsen, Svein Tomas Villanger, Anita Bakke, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Per Børge Hillestad.

**Varamedlemmer:** Einar Austrheim, Kjell Dahle.

**Andre:** Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim.  
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Sylvelin Fonnes, Kine Lerøy, Britt Ystebø, Inger Synnevåg.

**Desse møtte ikkje:** Jusu Gyflan.

**Saker til førehaving:**

Fellesrådssaker: F- 01/18 – F- 04/18

**Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 01/18 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

**Vedtak:**

*Saksliste og innkalling vart godkjent.*

F – 02/18 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIVING AV DAGENS MØTEBOK

**Vedtak:**

*Svein Tomas Villanger*

*Bjørn Helge Olsen*

F - 03/18 **ORIENTERINGSSAKER:**

- Budsjett 2018 – Orientering om budsjettramma.
- Gjevartenesta – Status så langt.
- Svar på undersøking vedk kartlegging av overgrep og trakkassering
- Tilbod om reinhaldssoner – kyrkja.

F – 04/18 **LOKAL HANDLINGSPLAN VEDKOMANDE  
OVERGREPSPROBLEMATIKK.**

**Framlegg til vedtak:**

*Austrheim sokneråd vedtar lokal handlingsplan for overgrepssproblematikk slik den ligg føre.*

*Det vert etablert eit beredskapsteam, bestående av leiar i soknerådet, soknepresten og kyrkjevevja, for handtering av saker der det vert retta mistanke mot friviljuge medarbeidarar.*

*Planen skal rullerast 1 gong i året i staben. Ved behov for endringar i planen vert dette lagt fram som framlegg til vedtak i soknerådet.*

**Vedtak:**

*Austrheim sokneråd vedtar lokal handlingsplan for overgrepssproblematikk slik den ligg føre.*

*Det vert etablert eit beredskapsteam, bestående av leiar i soknerådet, soknepresten og kyrkjevevja, for handtering av saker der det vert retta mistanke mot friviljuge medarbeidarar.*

*Planen skal rullerast 1 gong i året i staben. Ved behov for endringar i planen vert dette lagt fram som framlegg til vedtak i soknerådet.*

**Bakgrunn:**

Austrheim sokn har mangla ein handlingsplan for korleis ein skal handtera mistanke om seksuelle overgrep. Bjørgvin bispedøme har utarbeidd ein handlingsplan og Meland sokn har laga ein tilsvarande plan tilpassa sine lokale forhold, og som har overføringsverdi til Austrheim. Meland kyrkjelege felleråd har på eit seinare tidspunkt laga eit vedtak om etablering av eit beredskapsteam, som skal handtera saker som involverer friviljuge medarbeidarar. Beredskapsteamet er integrert i denne planen.

Planen er bygd opp slik:

- Målsetjing, avgrensing og definisjonar
- Generelle punkt om kva ein gjer ved melding og mistanke om overgrep
- Sjekkliste for medarbeidar som får opplysningar om mistanke/klagemål.
- Sjekkliste for kva ein gjer ved mistanke/klagemål utført av friviljuge medareidarar.
- Oppsummering
- Liste over forebyggjande tiltak
- Liste over oppfølgjande tiltak

Det vil vera eit behov for å drøfta i kor stor grad ein skal krevja framvisning av politiattest, enten ein er tilsett eller friviljug. Dette er regulert i Kyrkjelova § 29. Krav om politiattest er noko ein *kan* krevja. Austrheim sokn har ingen rutinar på dette no. Kirkelig Ressursenter mot vold og seksuelle overgrep rådar alle til konsekvent å be om politiattest, enten ein er tilsett eller har friviljuge oppgåver i kyrkjelyden. Ryktet om ein slik praksis vil ha ein forebyggjande effekt i seg sjølv. Kirkelig Ressursenteret argumenterer for at dette har ein viktig signaleffekt og at soknet sitt omdøme kan bli skadelidande om det oppstår ei sak og at desse rutinane ikkje er på plass.

Motargumentet er at krav om politiattest kan virka for arbeidskrevjande og omfattande. Det er mogeleg å få dette til, men det vil krevja ein tydeleg struktur og mykje logistikk.

# MØTEBOK - TITTELARK

## SOKNERÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
20.02.2018

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemmer:** Arne Lerøy, Bjørn Helge Olsen, Svein Tomas Villanger, Anita Bakke, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Per Børge Hillestad.

**Varamedlemmer:** Einar Austrheim, Kjell Dahle.

**Andre:** Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim.  
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Sylvelin Fonnes, Kine Lerøy, Britt Ystebø, Inger Synnevåg.

**Desse møtte ikkje:** Jusu Gyflan.

**Saker til førehaving:**

Soknerådssaker: S- 06/18 – S- 08/18

**Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 06/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

**Vedtak:**

*Saksliste og innkalling vart godkjent*

S – 07/18 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 18.01.2018

**Vedtak:**

*Møteboka frå 18.01.2018 vart godkjent*

S – 08/18 UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

**Vedtak:**

*Svein Tomas Villanger, Bjørn Helge Olsen*